



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjefylkesmann - Lindås - 141/67 - Kvamme nedre - flytebrygge og fritidsbustad - dispensasjon

Vi viser til brev frå Lindås kommune datert 23.09.2019. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå reguleringsplan for Kvamsvågen for etablering av kai, flytebryggje oppføring av fritidsbygg og endra plassering av parkeringsplan.

Det vart gjeve avslag på dispensasjon i administrativt vedtak den 04.03.2019.

Vedtaket vart påklaga av tiltakshavar den 24.03.2019 og saka vart handsama i plan- og miljøutvalet den 19.06.2019, sak 060/19 der vedtaket vart omgjort og det vart gjeve dispensasjon til dei omsøkte tiltaka.

Vedtaket vart klaga på av Fylkesmannen i Vestland i brev datert 05.07.2019.

Plan- og miljøutvalet handsama klaga i møte den 18.09.2019, i sak 091/19, og klaga vart ikkje teken til følge. Det vart gjeve utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42, i brev av 10.07.2019.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er kome fram nye opplysningar i saka som gjev grunnlag for å trekke klagen vår.

Med tilvising til Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-6/96 ber vi om at departementet oppnemner setjefylkesmann for handsaming av denne saka.

Fylkesmannen i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning jf. [nye rutiner ved forsendelse av settefylkesmannsaker etter plan og bygningsloven](#)

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ

Gunnar Molland Straumberget 26 B 5302